

Hans Ebbing

KRIGEN, VÅRE VERDIAR OG DEI INTELLEKTUELLE – OM DET GODES PROBLEM

11. september 1 & 2

Behovet for å dele inn historia i eit før og eit etter 11/9 er ikkje fundert i nokon historisk refleksjon, men i politiske og emosjonelle motiv. At denne datoen tilfeldigvis er årsdagen for det USA-støtta militærkuppet mot president Salvador Allende og demokratiet i Chile i 1973, er ei ironisk påminning om ein politisk samanheng som ikkje er offisiell, men ikkje mindre reell. Dei amerikanske offisielle reaksjonane på terroråtaket mot Twin Towers og Pentagon kan vi ikkje på noko vis forstå som reell frykt for eit nederlag andsynes endå sterkare krefter. 3085 døde 11/9 er sjølvsagt eit uhyggeleg tal, men vesentleg færre enn dei som gjekk med i militærkuppet 27 år tidlegare.¹ Men USA (og NATO) sin tryggleik som stat var aldri eit sekund truga av al-Qaida, like lite som av Allende og Unidad Popular. Trugsmålet frå Chile låg på eit heilt anna felt, som sosialt og politisk førebilete for heile Latin-Amerika, og var slik langt farlegare enn trugsmålet frå al-Qaida.

Reaksjonane etter 11/9 kan vi derfor umulig forstå som krig i Folkeretten si tyding, men som ein reaksjon på at den naturlege, globalt innretta arrogansen vart utfordra. USA vart audmjuka, ikkje realpolitisk eller som statsmakt, men psykologisk, like mykje i folke- som i elitepsykologien. Den offisielle språkbruken frå Det kvite hus som uttrykte føringane for dei politiske reaksjonane på åtaka, var ikkje styrt av nøktern statsformuft, men av behovet for gjengjeld, *retaliation*, nærast ein heilag vrede som utløyser i eit krosstog, *crusade*, som si dekkande aksjonsform. For første gong i USA si historie vart heimlandet utsett for åtak og då av symbolsk karakter, retta mot nokre av dei fremste symbolbygningane for dette hovmodet og for den *livsforma* som hovmodet har sitt utgangspunkt i – *the american way of life*. Ein slik reaksjon treng, sett frå ein US-synsstad, ikkje noko mindre enn ei verdshistorisk legitimering med eit skilje mellom før og etter. Då oppstår det spontant eit påtrengande behov for ein retorikk som er på høgde med situasjonen.

I det amerikanske tilfellet har vegen til ein sterkt tona nasjonal-religiøs retorikk rundt stormaktspolitikken aldri vore lang, så heller ikkje i dette tilfellet, medan andre i større grad greip til Moralen, Fridomen og Menneskerettane, kort sagt *våre verdiar*, for å forsvare bombinga av Afghanistan. Vi har å gjere med ei effektiv *omstilling frå forsvar av territorium til forsvar av verdiar*.² Krigen mot Jugoslavia i 1999 var ei forøving på den retorikken som vart så viktig etter 11/9. «Menneskerettane har fått militær prioritet og er blitt ein dominerande vestleg

verdi. ... Krigen (i Jugoslavia 1999) har berre streka under den djupe ideologiske skilnaden det er mellom ei idealistisk, Ny Verd, som strekkjer seg for å gjøre slutt på alle umenneskelege forhold og ei Gamal Verd, som er like så fatalistisk når det gjeld å gjere slutt på striden Det er også eit stadig større gap mellom Vesten og mykje av verda elles når det gjeld synet på verdien av det einskilde mennesket sitt liv.»³

Ei løysing av krisa i samsvar med Folkeretten og internasjonal rettspraksis ville ha vore meir tidkrevjande, mindre heroisk og patriotisk, men di meir fredeleg, sivilisert og effektiv på lang sikt.⁴ Men ein alternativ, tolmodig retorikk i samklang med ein slik strategi var openbert i strid med dei mekanismane som konstituerer den overskridande arrogansen og forakta for veiskap som er eit massepsykologisk grunnlaget for fascisme. Hadde Osama bin Laden & co hatt sin organisatoriske base i England, ville forsvaret av *våre verdier* neppe skjedd ved teppebombing, cruise missiles, prosjektil med utarma uran eller klasebomber.⁵

Men berre ein slik tolmodig strategi i samsvar med Folkeretten frå USA/NATO si side innafor ramma av FN ville ha konstituert eit historisk skilje mellom eit *før* og eit *etter* 11/9. I staden har ein no lagt eit solid kjenslemessig grunnlag i store folkemassar for meir terrorisme i framtida. Alt blir ved det same, berre endå meir av det. Det einaste verkeleg nye vi kan håpe på i denne situasjonen, er at denne erkjenninga med tid og stunder vil trengje seg fram også til større del av dei intellektuelle elitane som alltid elles står klar til å forsvare *våre verdier*.

«A Way of Life» – Våre verdier

Det fascistoide hovmodet er fundert i det overlegne maktforholdet og legitimert av det uomtvistelege, universelle (halv-)medvitet om å tilhøyre ein økonomisk-teknologisk overlegen kultur, dei mest siviliserte samfunna. «Vi» identifiserer oss med våre i global samheng privilegerte livsvilkår og transformerer desse materielle vilkåra til ein retorikk om «våre verdier», vår moral, vår humanisme, vårt demokrati, som vi er forplikta til å forsvare med alle middel over alt og når som helst. Etter 11/9 gjorde den tyske kanslaren, Gerhard Schröder, den amerikanske levemåten med tilhøyrande retorikk til sin eigen då han erklærte at «vi forsvare vår måte å leve på, og det er vår gode rett».⁶ Osama bin Laden & co er altså eit trugsmål mot Volkswagenwerke, Bildzeitung og Bratwurst mit Sauerkraut.

I dette verdiperspektivet kan fred vanskeleg bli noko anna enn ein fase i førebuinga av krig. For det «vi» som har denne ekstremt privilegerte levemåten, utgjer berre eit lite mindretal i global samheng. Den politiske aggressiviteten som er historisk forbunde med den kapitalistiske dynamikken, blir psykologisk forsterka ut frå medvitet om å tilhøyre dette mindretalet. Kravet om full kontroll er svaret på denne utfordringa, ein tryggleiksnarkomani i sjølve systemet. Og

sidan dette systemet er dynamisk og offensivt, kan «vi» heller ikkje vinne den systemnødvendige tryggleiken med ein defensiv strategi. Forsvaret av systemet må vere i samklang med den offensive dynamikken i det. Det er systemet sin grunnleggande realpolitikk. Verdi- og realpolitikk fell saman.

Det vart klart alt under Den kalde krigen, perioden med offisiell fred i verda. Då byrja USA å bli bekymra for trugsmål både utifrå og innafrå mot *the american way of life* med den tilhøyrande *american dream*. Det var nettopp dette som gjorde denne krigen så ideologisk, nærast religiøs. Utviklinga innafor transport, kommunikasjonar og våpenteknologiar var dei objektive faktorane som lenge hadde gjort verda mindre og dermed trugsmåla mot USA større, følte ein, trass i at USA politisk, økonomisk og militært var sterkare enn nokon gong. I tillegg nørte oppskytinga av Sputnik i 1957 opp under frykta for at Fellesfienden skulle utvikle eit forsprang i teknikk og vitskap.⁷ At Sovjetunionen kunne framstå som eit reelt trugsmål i konkurranse med *the american way of life* i ei tid då denne levemåten var meir på offensiven både i og utafør USA enn nokon gong, kan ikkje forklarast ut frå realpolitiske forhold. Ein må tvert om ty til massepsykologi og dei faktorane i sjølve levemåten som over tid gir grunnlag for å skape ein slik politisk psykologi.

I følgje dei amerikanske historikarane A.L. Friedberg og S. Melman utvikla USA seg i denne perioden til å bli ein garnisonstat (Friedberg), den amerikanske økonomien vart ein krigsøkonomi (Melman). USA dreiv utviklinga av NATO-alliansen fram i fast tru på ein uunngåeleg krig med Fellesfienden.⁸ Resultatet inner i det amerikanske samfunnet (og ikkje berre der) vart det som Dwight D. Eisenhower i sin siste tale som president avmechtig kalla det militært-industrielle kompleks. Denne strategiske frykta hadde med andre ord teknikk og vitskap som praktisk og ideologisk føresetnad – som *horisont*.

Med andre ord: Det «feltet» i den amerikanske levemåten sitt grunnlag, som samstundes var denne levemåten sin enorme styrke, teknikk og vitskap, kort sagt produktivkreftene, skapte samstundes eit grunnlag for det politiske hysteriet kring det fenomen som ein meinte kunne vere eit trugsmål mot sjølve denne levemåten, det kommunistiske spøkelset. At det imperiet, som ga liv til dette spøkelset, løyste seg sjølv opp på ein så fredeleg måte som vel ikkje noko imperium tidlegare i verdshistoria er gått i oppløysing på, er verkeleg ei historisk hending, som set den universelle antikommunismen 1917-1991 i eit globalt tragikomisk lys.

Når Osama bin Laden og hans al-Qaida kan vekke til live eit politisk hysteri som er tilstrekkeleg til å skuve til sides viktige rettsstatsprinsipp og borgarrettar over natta, ikkje berre i USA, men i mest alle dei høgt utvikla, siviliserte demokratia med sine nye unntakslover mot terrorisme, blir det berre endå viktigare å forstå kva som kan vere grunnlaget for det, når dei real- og maktpolitiske grunnane så openbert manglar. For det er eit faktum at dette hysteriet finn stad.

Det er ikkje tilstrekkeleg å hevde at USA og andre stormakter har ei strategisk interesse av å piske opp eit hysteri som kan gjere framgangen for USA sine globale interesser lettare. Sjølv om dette nok kan vere sant, forklarar det ikkje at den amerikanske makteliten er gripen av det same hysteriet. Vesten har militært og politisk ikkje noko å frykte frå resten i overskødeleg framtid. Derimot er det *dei andre*, folka som lever i vondskapen sin akse med fleire, som har noko å frykte frå Vesten.

Verda hadde vore ein tryggare stad å leve dersom US-eliten hadde halde hovudet kaldt og nøydd seg med ei kynisk, distansert utnytting av andre si frykt, slik Machiavelli rår til. Ingen ting er farlegare enn når maktpolitikarar i stormakter blir heite i hovudet av eigen retorikk og patriotisme. Det burde den tyske fascismen ha lært oss for all ettertid.⁹ Denne hadde eit sterkare innslag av fanatisme og «tru» ved seg enn den italienske varianten og hadde til liks med den amerikanske politikken, klare religiøse drag ved seg i Førardyrkinga og trua på Det tredje Riket som eit tusenårsrike gjennom lydnad overfor Føraren og Partiet som kunne gi livet overskridande meining og håp for den vesle mann i ly av faren for arbeidsløyse og sosial deklassering.

Johan Galtung har fleire stader peikt på, også i dette nummer av *Vardøger*, at ein ikkje må undervurdere den religiøse dimensjonen i amerikansk politikk. Men kva er det då i den amerikanske levemåten som heile tida held liv i denne politiske religiøsitetet? (Den fell jo ikkje ned frå himmelen.) Kva er det som gjer religiøsitetet formålstenleg for å reprodusere den levemåten som han er ein integrert del av? Og kva er det ved amerikansk politikk som i sin tur fyrer opp under den amerikanske religiøsitetet og stadfester han? Noko av dette har sjølvstøtt klare historiske og institusjonelle røter, heilt tilbake til Mayflower-pionerane sitt God's Own Country. Men for at fortida skal ha verknader i samtida og framtida, må det vere til stades «mekanismer» i *samtida* – i den aktuelle levemåten – som held liv i fortida inn i framtida.

Denne artikkelen kan ikkje gi svaret, men peikar på ein samanheng: Det er eit faktum at teknikk og vitskap på det mest utvikla, høge nivået som historia kjenner – sjølve «rasjonaliteten» sine fremste produkt – ikkje på nokon måte er i motstrid til, eller til hinder for, at religionen, det «irrasjonelle feltet», grip inn i politikken og vice versa i det samfunnet der denne rasjonaliteten gjer seg mest gjeldande. Normative fenomen som rasjonalitet og irrasjonalitet er samfunns-messige storleikar som ikkje bør studerast eller evaluerast isolert frå deira objektive funksjons- og maktsamanheng til ei kvar tid.

Krig, makt, rett – den vanskelege balansen

Påstanden om at makt er rett, står sentralt i fascistisk tenking. Eit slik samanfall av makt & rett står utafor ein kritisk horisont. På den andre sida kan ingen nekte for at forholdet mellom makt og rett er problematisk, utan nokon enkel teoretisk eller filosofi løysing. For relasjonen mellom makt og rett speglar alt i utgangs-

punktet, i det levande, før-teoretiske livet, ein konflikt. Nokon sin rett er *i praksis* alltid ei avgrensing av andre sin rett, slik at rett blir ståande mot rett. Skal ein då unngå open konflikt, må avgrensinga av den eine retten mot den andre i det minste bygge på ein stilleteiane respekt for sedvanen, avtalane eller for lova, at den eines rett blir underordna ein annan, «sterkare» rett.

Respekten for desse formelle eller uformelle rettsinstansane demonstrerer samstundes i det stille maktforholda, sanksjonerer dei. Fråvær av slik respekt utløyser derimot open konflikt – altså open maktbruk på eit eller anna nivå – slik at forholdet mellom makt og rett blir synleg. Forholdet mellom makt og rett skaper derfor alltid eit spenningsforhold ikkje berre i den sosiale og politiske praksis, men òg i det intellektuelle livet, i jussen, filosofien, den politiske tenkinga. Som hovudregel ender dette spenningsforholdet opp med ei stilleteiane godtaking av det til ei kvar tid gjeldande herredømmet, for så vidt som dei herskande sin språkbruk er den herskande språkbruken, eller med ei ope legitimering av den gjeldande makta. Men som spenningsforhold vil det alltid òg gi næring til motstand, kritikk.

Krig er statleg organisert valdsbruk i stor stil. Valdsbruk på eit samfunnsnivå er ei oppgåve som både føreset eit visst minimum av organisert, politisk makt i utgangspunktet, og som samstundes verkar organiserande, statsdannande, tilbake på dei krigførande partane (særleg for den sigrande parten). Den organiserte valdsbruken er ikkje berre den moderne staten sin si jordmor og «første» handling, men er konstituerande for eit kvart tilløp til varig, statleg og politisk organisering i det heile. Kva som kjem først, samfunnsvalden eller den organiserte og organiserande makta, «staten» i vidaste tyding, er som forholdet mellom høna og egget.

I forlenginga av dette bygger den moderne staten si makt på eit stabilt monopol til å utøve organisert vald. Valdsmonopolet er det uomtvistelege grunnlaget for moderne statsmakt. Dette monopolet er sjølv eit *produkt av styrkeforhold* i ei omfattande utfalding av makt som utan unntak i historia har medført bruk av vald. Valdsmonopolet spring ikkje ut av statsfilosofiske avhandlingar, ikkje ut av nokon argumentativ diskurs, diverre, men går forut for dette. Di meir nødvendig er det då at valden i etterhand kan finne si legitimering, sin rett, slik at valdsmonopolet kan reprodusere seg sjølv mest mulig *utan* vald.

Krig og rettferdiggjering av valdsbruk viser då for all verda at det er eit nært samband mellom vald, makt og rett. Valdsmakta kan i lengda ikkje utfalde seg utan ein legitimasjonstvang, utan eit rettsbegrep, som skil mellom «lovleg» og «ulovleg» utfalding av vald. Dette er nødvendig for at bruken av vald kan repetere seg for å oppretthalde eller utvide dei eksisterande maktforholda. Dei krigførande påkallar alltid *spontant* retten på si side, slik at den sigrande tilsynelatande «får» retten over på si side som ei gåve frå ein instans utafør maktforholdet. Statsretten kjem før rettsstaten. Bruken av vald er då eit middel til å etablere ein (ny) rettstilstand som stadfester og monopoliserer den sigrande makta sin *rett* til bruk av ny vald seinare.

Seinast når krigen er over og sigerherren er kåra, er valden opphøgd til (stats-) makt og makta med sine institusjonar opphøgd til varig rett, altså ein overgang frå vald via makt til rett. Normal statsmakt er organisert bruk av (potensiell) valdsmakt med referanse til ein stabil, *institusjonalisert* rett som legitimerer maktbruken. For ein kan i lengda ikkje tenke seg ein rettstilstand utan rettsinstitusjonar – eit eige maktapparat som held retten i hevd – med eit tilhøyrande *rettspråk*.

Det er likevel først ved det tredje trinnet – overgangen frå statsrett til rettsstat – at rettsbegrepet får ein meir sjølvstendig status og riv seg laus frå den direkte maktutfoldinga. Rettsstaten oppstår derfor ikkje spontant av den sigrende maktbruken. Overgangen frå statsrett til rettsstat – til eit eigentleg rettsbegrep – spring heller ikkje ut av *idear*, rettsfilosofiske avhandlingar og liknande, sjølv om dei nok kan vere til hjelp. Og den spring ikkje direkte ut av dei institusjonane som forvaltar retten, for desse føreset ei statsmakt som etablerer rettsinstansane etter kvart ut frå underliggande, før-rettslege interesser som enno ikkje har funne ei rettslege form, eit juridiske språk.

Vendinga frå statsrett til rettsstat føreset tvert om *ei deling av makta* mellom ulike «partar» (maktinstansar, konkurrerande interesser, konkurrentar om makt) i ein minimumsbalanse, i ein relasjon som reflekterer eit styrkeforhold mellom ulike samfunns-/klasseinteresser eller mellom ulike (nasjonal-)statar der dei ulike maktinstansane har ei sams interesse av å unngå valdsbruk som kan vere øydeleggande for alle partar i maktforholdet. Makt må med andre ord ha eit visst minimum av mot-makt om rettsbegrepet skal oppstå og overleve som noko meir enn ein språkleg refleks av makt og bruk av vald.

Den før-revolusjonære Montesquieu (1689-1755) si føregripande tredeling av statsmakta i lovgivande, dømmande og utøvande instansar kunne først bli gjort verkeleg på grunnlag av heilt nye makt- og styrkeforhold innetter i samfunnet – på grunnlag av eit nytt paradigme av klassemakt gjennom «den borgarlege revolusjonen sin epoke» frå 1789. Og først når desse tre maktinstansane held kvarandre i sjakk over tid, noko den franske revolusjonen i seg sjølv ikkje greidde å praktisere då den raskt glei ut i terror, konstituerer retten seg som eit (relativt) sjølvstendig nivå, som ein eigen diskurs, som rettspraksis.¹⁰

Internasjonal makt og rett

Dette gjeld også for forholdet mellom statar. Når FN ikkje greier å etablere ein effektiv, uavhengig internasjonal domstol for krigsbrottsverk, skuldast det nettopp ein ubalanse i dei internasjonale maktforholda, vesentleg på grunn av USA si overlegne makt som gjer det mulig å nekte og underteikne konvensjonen om denne domstolen, utan fare for motsanksjonar.

I krig blir denne samanhengen særst tydeleg. I moderne tider ender krigen gjerne opp med eit rettsoppgjær mellom sigerherrane og taparane. Slike rettsoppgjær, utan ein internasjonalt konstituert rettsmakt, blir då ei uhyggeleg

stadfesting av det sambandet det prøver å heve seg over: Samanfallet mellom makt og rett. Rettsoppgeret er ein sivilisatorisk regress, ei direkte forlenging av maktoppgjeret, retten som forlenging av politikken med andre middel. Spesialdomstolen for krigsbrottsverk for det tidlegare Jugoslavia, som er oppretta og finansiert på USA-initiativ, står enno innafor ein slik horisont, medan den nye internasjonale domstolen for brot på menneskerettane i samsvar med vanlege rettsstatsprinsipp, ICC, blir sabotert av USA.

Samanfallet av makt og rett blir då rettferdiggjort med referansar til universelle verdiar som tilsynelatande står over ein kvar fascistisk horisont, som menneskerettar, brotsverk mot menneskeheita osv.. Slike utflukter i menneskerettane og etikken fjernar likevel ikkje den *fascistoide mekanismen* dei søker å dra seg unna. Skilnaden er at medan fascismen dyrkar samanfallet mellom makt og rett ideologisk og slik gjer maktutfolding gjennom valdsbruk til eit gode i seg sjølv, skjemst etikarane over det og forklarar det som eit *nødvendig* vonde som dermed blir eit gode.

Det generelle poenget om at eit minimum av balanse mellom stormaktene i det internasjonale statssystemet er nødvendig for å få den nye internasjonale FN-domstolen for krigsbrottsverk og brotsverk mot menneskeheita til å fungere effektivt, vart gjort tydeleg alt frå første dag etter at eit tilstrekkeleg tal av statar hadde underteikna avtalen om han. Først truga USA dei landa som hadde underteikna, med at dei ikkje kunne vente støtte frå USA i tilfelle krig. USA pressa samstundes straks ein del statar til å love ikkje å utlevere amerikanske borgarar som risikerte å bli ettersøkte og førte for retten sikta for humanitære brotsverk. Deretter greidde USA å presse igjennom i FN eit unntak frå domstolen sin praksis for amerikanske borgarar og styresmakter for førebels eitt år.

Som ein framtidig test kan vi merke oss følgjande tilfelle: FN sin boikott av Irak har, om ein legg FN sine egne rapportar til grunn, ført til at minst 1 million barn har døydd som resultat av underernæring, sjukdom og mangel på medisinar. Konsekvensane for det sivile samfunnet og dermed for millionar av uskuldige menneske, er katastrofale. Dei to leiarane for å kontrollere FN-boikotten, Dennis Halliday og Hans von Sponeck, har begge uttalt at verknadene av boikotten i realiteten er eit *folkemord*, (genocide).¹¹ Begge har difor trekt seg frå embetet i protest. Då dåverande FN-ambassadør for USA, Madeline Albright alt i 1996 i eit TV-program vart spurt om ikkje desse forferdelege verknaden for folket i Irak var ein for høg pris, svarte ho: »Dette er nok eit svært vanskeleg val, men prisen – vi trur prisen er verdt det«. ¹² Tanken om med tid og stunder å stille dei ansvarlege politikarane særleg i USA og Storbritannia for den nye internasjonale domstolen, vil sjølv sagt aldri kunne bli realisert utan at dei internasjonale, politiske maktforholda blir radikalt endra – og då med fare for at sjølve FN-systemet blir sprengt i sund ved at til dømes USA drar seg ut.

Makta – eit forhold

Makta er altså ikkje substansiell, ikkje ein ting, men må løysast opp i eit *forhold*. Retten oppstår som ein relativt sjølvstendig diskurs først når evna til bruk av vald er jamnare fordelt slik at valdsbruk kan bli nøytralisert – anten primitivt med motvald, eller med strategiar som undergrev motparten si evne til effektiv valdsbruk (sivil ulydnad, ikkje-valdsmetodar), eller når rettsdiskursen først er etablert, gjennom rettspraksis, som har legal bruk av vald/straff i bakhand. For også ein sjølvstendig rettsdiskurs er «i siste instans» fundert i bruk av vald. Alle metodane har til oppgåve å jamne ut valdsbruken og slik nøytralisere han. Det gjer det mulig å sjå ein samanheng mellom makt og rett, makt og moral, makt og sivilisasjon utan å falle i den fascistoide fella som proklamerer samanfallet av vald, makt og rett, eller i filosofisk idealisme som løftar rettsbegrepet ut av maktsfæren.

Prinsippet om makta som eit forhold føreset likevel ikkje at maktbalansen er symmetrisk for at den skal fungere. Vanlegvis er den nettopp *ikkje* det. Det som er avgjerande, er at den underlegne parten er sterk nok til å påføre den sterkaste så store kostnader, militære, økonomiske, menneskelege, politiske og moralske, at den sterkaste held seg borte frå open vald og i staden slår inn på reelle forhandlingar som etterkvart etablerer rutinar og institusjonar som gjer ein *rettsdiskurs* mulig og held han ved like. I dei internasjonale forholda mellom statar er det tydelegare at maktbalanseprinsippet er utgangspunkt for ein fungerande rettsstilstand, ein folkerett. I dei samfunna der ein kan finne rettsstatar, er den underliggande maktbalansen derimot blitt ei sjølvfølgje som statsborgarane korkje ser eller treng sjå, for at retten skal vere verksam som ein eigen praksis. Denne kollektive «gløymsla» av rettspraksisen sitt opphav i ein maktbalanse, er tvert om ein føresetnad for at rettsstaten skal fungere. Først når rettsstaten er blitt eit «normalt» fenomen, er den ein verkeleg rettsstat. I dei internasjonale forholda finst det ingen slik sjølvfølgje, i dag mindre enn på lenge.

Maktbalanse går lett i oppløysing når evna til å nøytralisere valdsbruken hos partane som står mot kvarandre, ikkje lenger er tilstades. Den sterkaste parten blir då freista til «illegal» maktbruk, eller den svakaste blir desperat, trengt opp i ein krok utan andre utvegar. Då går også ein etablert rettskultur i oppløysing. Identiteten mellom makt og rett konstituerer seg på eit brutalt, «opphavleg» nivå som ein sivilisatorisk regress. Under slike forhold kan det ikkje vekse fram ein verkeleg rett med ein *rettskultur* med forhandlingar, sedvane, lovverk, domstolar og andre institusjonar som dels er eit produkt av, dels sjølv produserer ei allmenn rettsoppfatning ved å forvalte, drøfte og stadig kritiserer rettsforholda og slik modifisere maktutøvinga og dermed valden.

Men nettopp når denne balansen og rettskulturen er gått i oppløysing eller heilt manglar, er det di meir nødvendig for makthavaren å gjere vegen frå makt til rett kortast mulig slik at makt = rett. Spenninga mellom makt og rett må då få si ideologiske utløysing. Visse former for filosofi, etikk og politisk teori får då

gjerne sin renessanse i form av rettferdiggjering av den faktiske maktbruken slik at valdsbruken kan framstå som ein konsekvens av retten. Den klassiske fascismen var myke meir direkte her ettersom den ope slo fast, utan moraliserande innpakking, at makta ikkje berre gir ein rett, men at makt faktisk *er* rett.

Det godes problem

NATO-krigen mot Jugoslavia i 1999 – utan heimel i det som trass i alt fanst av internasjonal rett, utan krigserklæring og grunnlag i noko FN-vedtak – var ein slik situasjon der valdsbruk og makt flyt saman med ein opphavleg, brutalisert «rett». Krigserklæringar må ha heimel i Folkeretten, og då som forsvar mot åtak. Forsvarskrig er den einaste lovlege forma for krig. Berre det faktum at NATO ikkje erklærte Jugoslavia krig og måtte bruke ikkje-rettslege begrep som «humanitær intervensjon» og liknande, var i seg sjølv ei vedgåing av at han var i strid med Folkeretten. Den etablerte språkbruken i dei internasjonale rettsforholda rakk ikkje til. Di meir nødvendig vart det med høgtflygande legitimeringar som kunne grunnge ein *ny* global rettsorden utafor FN-systemet sin alt for tronge horisont ut frå ein privilegert moralsk intuisjon i Vesten. I slike situasjonar treng makta spesialistar på høgtflyging av eit eige slag – intellektuelle pilotar: filosofar, forfattarar, juristar, historikarar, statsvitarar som kan vakte over menneskerettane og våre verdiar – om nødvendig ved å underkjenne den einaste organisasjonen som har folkerettsleg mandat til å handheve desse verdiane med makt, FN.

Problemet er berre at når ein slik ny, global rettsorden utafor FN-systemet skal handhevast, må ein faktisk ty til *nasjonalstatlege* maktmiddel, eller valdskrefter som blir forvalta av ein allianse av ca. 20 nasjonalstatar, til dømes gjennom NATO, opp mot ca. 170 andre innafor FN. Den politiske filosofien si oppgåve er mellom anna å «overvinne» slike paradoks, argumentere for å lære å leve med dei slik at utviklinga kan gå sin gang. Men med si filosofiske og moralske rettferdiggjering av NATO-bombinga i Jugoslavia har mang ein europeisk intellektuell skrive under på at USA/NATO si makt i Kosovo ekvivalerer med USA/NATO sin rett same stad – eit umedvete steg mot den fascistiske fallgruva.

Dette var Jürgen Habermas sin posisjon, då han rettferdiggjorde krigen – eit begrep han omhyggeleg unngår – i essayet Bestialität und Humanität i *Die Zeit* i mai 1999.¹³ NATO er vinnaren, Milosevic taparen. Ingen kan derfor hindre at han blir stilt personleg til rettsleg ansvar for ein domstol oppnemnd av sigerherrane. Med andre ord: Den rettferdige hemnen sitt rettssystem: «Good has triumphed over evil, justice has overcome barbarism, and the values of civilization have prevailed» var Tony Blair sin førehandsdom 10. juni 1999.¹⁴ Det er ingen grunn til å tvile på at Blair som god kristen meiner dette. Ein politikar av Blairs format må alltid kunne ha mange motiv i hovudet på vegner

av sin stat samstundes. England sitt nærvær på Balkan og i Afghanistan dreiar seg altså ikkje berre om arven etter Det britiske imperiet, moderne strategi, olje eller gass, men om Det gode versus Det vonde.

Det vondes problem er i det heile tatt blitt eit populært filosofisk tema i det siste.¹⁵ Viss vi er einige om at Milosevic (og Taliban, Saddam Hussein osb.) representerer Det vonde, må vi kunne vere einige om at Blair, Clinton, Bush og Bondevik står for Det gode. Dermed har vi fått eit nytt problem som er vist alt for lite merksemd i filosofien: *Det godes problem*. I dei globale media sin tidsalder er det beint fram umulig å rettferdiggjere krig med realpolitikken sitt språk. Berre gode krigar er mulig i regi av Vesten. For i kraft av at dei er gode, er dei eigentleg ikkje krigar, men *aksjonar* og *intervensjonar* med etisk høgverdige predikat.

Krigane mot Irak kunne ikkje USA rettferdiggjere med heilt enkelt å seie: «Vi vil ha kontroll med oljen i Irak». Ein prøvde seg heller med: Vi kjempar mot Det vonde i ein «førebyggjande krig for fred»¹⁶, ein «evig krig for evig fred.»¹⁷ Men slike formular der krig = fred, er likevel berre mulige og truverdige under meir primitive vilkår der trua på eigen styrke og andre sin veikskap er grunnleggjande og trua på Det vonde er levande. I litt meir sofistikerte miljø er ikkje dette tilstrekkeleg. Filosofane med sin etikk er aldri overflødige når makta talar.

Etnosentrismen si etiske plikt

Etnosentrisme er eit fellestrekk ved mest alle «store» kulturar og politiske regime, ikkje berre autoritære og fascistiske, men også demokratiske. Den politiske etnosentrismen som får utfalde seg gjennom stormaktspolitikken, blir di lettare godtatt av dei mindre statane som er allierte med denne. Mykje kan tyde på at USA/NATO sin krig i Kosovo og den nye NATO-strategien med rett til intervensjon utan FN-mandat har skapt ein forsterka presedens for liknande aksjonar i framtida. Men dermed er det ikkje sagt at andre statar kan bryte Folkeretten med fare for internasjonalt kaos. Ein slik rett er reservert for den utvalde. Den teknologiske fascismen har ei *etisk plikt* til å ta på seg oppgåva som representant for det internasjonale samfunn, Verdssamfunnet, og skuve det einaste organiserte uttrykk for dette samfunnet, FN, til sides slik at formelen Verdssamfunnet = USA/NATO for lengst er innarbeidd i dei frie massemedia sitt vokabular.

I dei forhandlingar som pro forma må følgje med slike etiske aksjonar primært frå lufta, er det då visse ting som tar seg opp att. Då Taliban-regimet var oppløyst og representantar for dei ulike stammane i Afghanistan vart kalla inn til konferansen i Bonn i desember 2001 for å skipe ei overgangsregjering, fekk dei der lagt føre seg eit utkast til ny statsskipnad for Afghanistan – *skrive av Det tyske utanriksdepartementet!* Regjeringa i Afghanistan kunngjorde i januar 2002 at det nye Afghanistan skal praktisere «fri marknadsøkonomi» (slik det skjedde Rambouilletforhandlingane om Jugoslavia i februar 1999). Det er det ingen

grunn til å tvile på. Men i kva grad den frie marknadsøkonomien verkeleg let seg realisere i det tempo Vesten ønskjer, er på den andre sida heilt avhengig av i kva grad det politiske og institusjonelle systemet, som ein slik økonomi må bygge på, kan gjennomførast utan motstand frå dei tradisjonelle maktstrukturane med sine før-kapitalistiske rettsoppfatningar.

«Marknadsøkonomien» (= Vesten) sin styrke i slike tilfelle ligg i den enorme pengerikdommen den representerer og som gjer det mulig å kjøpe seg til alliansar med representantar for det tradisjonelle maktsystemet i landet, med andre ord ved hjelp av politisk korrupsjon. Historia om suksessen i Afghanistan er enno ikkje ferdigskriven. Derimot er FN god å ha når det skal ryddast opp etter etnosentrismen sine krigshandlingar med minerydding, ullteppe, medisinar, mat og husvære for dei gjenlevande, eller når ein skal gjennomføre demokratiske val som kan godkjennast og overvakast av USA/NATO, veto-makter i FN sitt Tryggingråd, men betalast av rest-FN.

Det store «Vi» og dei intellektuelle andre

Identiteten mellom (valds-)makt og rett er eit moment ikkje berre ved fascismen sin teori, men fram for alt i ein fascistoid *praksis*. I ein situasjon der dei internasjonale rettsforholda er suspenderte, får dei som enno forsvarar FN og internasjonal rett, eit problem. Referansane for deira argumentasjon, sjølve dei internasjonale rettsreglane, er *de facto* sette ut av kraft, då situasjonen med maktbalanse, som gjer dei forpliktande med ei *praktisk* gyldigheit, er riven sund. Alle rettsfilosofiske og juridiske argument har då berre gyldigheit i kraft av ein *appell* til *andre* si fornuft og ettertanke og står dermed i fare for å hamne i impotent rettsidealisme. Argumenta blir då lett abstrakt, teoretisk prosedyre, utan praktiske følgjer. Berarane av denne rasjonaliteten blir derfor lett isolerte andsynes det store Vi, dei patriotiske, moralskt opprusta intellektuelle og deira sjølvinnlysande arsenal av universelle verdiar, opplyste av den rådande tidsånda. Ei kjensle av avmakt kan då melde seg.

Dette var situasjonen etter den offisielle suksessen med den amerikanske bombinga i Afghanistan. Endeleg ein ubetinga vellukka bombekrig! Det reaksjonære Taliban vart øydelagd – frå 30000 fots høgde med teppebombing, prosjektil med utarma uran og klasebomber som kosta fleire menneskeliv enn det denne bombinga skulle giengjelde. (Merk: Presisjonsbombing var likevel ikkje tilstrekkeleg.)

Ein av dei mest kjende av dei opprusta intellektuelle i Norge på dette tidspunktet var generalsekretæren for den frie, uavhengige pressa i Norge, heilt utan band til regjeringa eller NATO, Per Edgar Kokkvoll i Norsk Presseforbund. Hausten 2001 var han særskild aktiv i ulike delar av dagspressa med kommentarar til det som skjedde etter 11/9. Tidleg var han ute etter å mistenkeleggjere alle forsøk på å forklare denne forma for terrorisme. «Terror er terror er terror» var omkvedet 30/9 i Dagsavisen. Det treng ein ikkje å diskutere eller forstå. Å forstå

terroren = å sympatisere med han. Slik ytte han sin skjerv til det offisielle tenkeforbudet kring terroren. Ei stund ut over hausten var han redd for at USA skulle «tape propagandakrigen». Men først etter at det vart klart at US-bombinga var ein suksess, med Taliban sitt samanbrot raskare enn dei fleste trudde, kom han heilt klart ut på bombeentusiastane si side.

På den andre sida hadde mange norske intellektuelle gjennom opprop og demonstrasjonar då alt kritisert bombinga lenge. Og det var desse («de som bommet») Kokkvolds triumferande artiklar var retta mot. Og då suksessen var eit faktum, kunne ein annan framståande norsk intellektuell, Nils-Fredrik Nielsen, spørje ironisk på kronikkplass i Aftenposten «Hva er galt med de intellektuelle?» sidan desse andre-intellektuelle hadde kritisert denne bombinga som viste seg å bli så vellukka.¹⁸

Alt før bombinga tok til, hadde FN berekna at ein bombekrig ville auke behovet for humanitær hjelp og forsyningar inn i Afghanistan, som frå før var truga var hungersnaud, med ca. 50%, og at ein stod overfor ein situasjon der 7.5 millionar afghanarar ville trenge tilførsle av mat for å unngå ein hungerkatastrofe.¹⁹ Desse opplysningane vart heilt ignorerte av dei som førebudde bombinga. Nils-Fredrik Nielsen: «Det er for øvrig overveiende sannsynlig at alle som har vært involvert i ansvarlige beslutninger om Afghanistan, har tatt inn over seg kompleksiteten i en grad som er funksjonell for deres virke som handlende. Og i langt større grad enn enkelte ((= «de intellektuelle»)) ønsker å innbille seg.»

Då bombinga byrja, vart mange byar omgjort til spøkelsesbyar der infrastrukturen braut heilt saman. I følgje FN flykta 70% av befolkninga i byane Kandahar og Herat i løpet av to veker til landsbygdene ikring. Desse var på si side alt peptra av miner og klasebomber slik at mellom 10-20 menneske kvar dag, mange av dei born, vart drepne eller gjort til krøplingar. I slutten av oktober, då bombinga hadde halde på i to veker, hadde meir enn 1 million flykta, mellom desse 80% av innbyggerane i Jalalabad, til stader der det mest ikkje var mat. Eit par månader seinare vart det rapportert om «gløymde leirar» i dei nordlege delane av landet, fylte av flyktingar som FN sitt matprogram på grunn av bombinga ikkje lenger kunne nå fram til. Ved slutten av året, då suksessen ved bombinga var udiskutabel i den intellektuelle eliten i Vesten, og Kokkvold og Nielsen skreiv sine artiklar i norsk presse, vart det rapportert at systemet for matforsyningar var brote saman i nord. I tillegg kom at dei fleste lagerbygningane for mat og forsyningar hadde blitt bomba. US-bombinga hadde då ført praktisk talt alle krigsherrane som hadde hatt makta før Taliban, tilbake til posisjonane deira. Nokre afghanarar hevda at situasjonen var blitt verre enn før Taliban hadde makta. Og Taliban kom i si tid så lett til makta i desse områda nettopp fordi krigsherrane sine regime «hadde vore den svartaste tida i Afghanistan si historie» til då.²⁰

Kor mange fleire som på dette viset strauk med som følgje av krigen i tillegg til dei som ville ha døydd av den nauda som alt var til stades, vil ein aldri kunne

berekne. Dei kjem dessutan i tillegg til dei offisielle tapstala over dei som var drepne i kamp eller ved collateral damages. (Dei offisielle tala for desse var alt i desember 2001 langt høgare enn dei som vart drepne i Twin Towers 11/9.) Men ein kvar intellektuell som enno ikkje heilt har mista evna til innleving i andre sin naud, ville vel nøle med å proklamere ein militær siger med slike kostnader som ein suksess, uansett kva ein elles måtte meine om krigen?

I patriotismen sin store time er dei opposisjonelle dei intellektuelle *andre*. Frå den sigrande makta sin ståstad er dei intellektuelle *andre* særleg naive og korttenkte sidan dei kunne ta slik feil og sette seg opp mot den gjeldande (= sigrande) moralske rett. Deira rasjonalitet er likevel ei form for motstand, ikkje berre rein trass, som peikar ut over situasjonen i avmakt. For når alt kjem til alt er «dei store sanningane» like tidsavgrensa og vilkårlege som eit kvart anna reint maktbasert standpunkt. Maktforholda vil alltid endre seg. Denne sjølv-erkjenninga er då utgangspunktet for dei intellektuelle *andre* til å søke alliansar gjennom sitt arbeid, der dei finn sin plass, der det måtte finnast nokon å sloss fornuftig med eller mot, innafor eit minste sams rammeverk som gjer ei minste fellesfornuft mulig. Det einaste dei risikerer i dei landa der rettsstaten sine prinsipp enno er operative, er å øydeleggje for sine eigne karrierar. Der desse prinsippa ikkje lenger er verksame, men er erstatta av dei nye unntakslovene mot terrorisme, kan dei risikere å sjølve bli mistenkte for å førebu terrorisme o.l. i samsvar med dei mest prinsippfaste tolkingane av desse nye lovene.

Krigen sine redslar i Irak, Jugoslavia eller Afghanistan kjem aldri til å innhente Bill Clinton, Tony Blair, Kjell-Magne Bondevik eller George W. Bush. Og maktas intellektuelle har det til felles med dei politiske og militære leiarane under den liberale, teknologiske fascismen at dei opererer i ein sfære av høgare orden med ein fullstendig distanse til konsekvensane av dei handlingane som dei med all si intellektuelle kraft og språklege og etiske kompetanse rettferdiggjjer. *Applaus til den offisielle politikken kan aldri øydelegge ein karriere*. Habermas var aldri i nærleiken av slagmarkene i Kosovo. Men eit kritisk standpunkt mot krigen, kunne ha gjort situasjonen ubehageleg for han i Tyskland.²¹ Kokkvold og Nielsen risikerte ingen ting ved å applaudere US-suksessen i Afghanistan. Tvert i mot.

Av dette kan vi andre gjere følgjande lærdom: Di større avstand dei intellektuelle har til slagmarka, di meir varsam bør dei vere med å applaudere det som skjer der – ikkje minst når sigerherren heilt enkelt er ei global supermakt med sitt omfattande arsenal av verdiar, det vil seie interesser, høgteknologiske våpen, alliansar og massemedia.

Menneskerettane sin nytale

Eit spørsmål som alle intellektuelle burde stille seg, er det følgjande: Kvifor er det så *lett* å bruke menneskerettane til å legitimere stormaktsinteresser? I den første artikkelen min i dette nummeret av *Vardøger* peikar eg på samanhengen

mellom det rådande begrepet om marknaden og førestellinga om individa som økonomiske aktørar der relasjonane mellom individa blir styrte av ein universell konkurranse som skapar vinnarar og taparar. Alt på dette nivået ser vi at dei reine økonomiske begrepa viser til ei underforstått førestelling om den sterkaste sin *rett*. Denne førestellinga er ikkje i seg sjølv økonomisk, men etisk, politisk og juridisk. Etisk kjem den til uttrykk gjennom rettferdigginginga av marknaden si vidunderlege, usynlege hand som gjennom konkurransen sikrar framskritt og velferd. Den sterkaste sin rett er på parti med framskrittet når dette blir sikra gjennom den universelle marknadmekanismen. Den økonomiske liberalismen inneheld slik alt i utgangspunktet eit fascistoid moment.

Men sidan den konkurransesterkaste sin *rett* ikkje er eit reint økonomisk forhold, må den sikrast på andre måtar *utafor* marknaden, primært i produksjonssfæren («verdiskapinga») gjennom utviklinga av stadig sterkare produktivkrefter, teknikk og vitskap. Politikken, lovgivinga for økonomisk verksemd og dei juridiske praksisane kring marknaden har som overordna mål å sikre at nettopp den sterkaste sin rett kan utfalde seg i samsvar med dei underliggande førestellingane om rettferdig konkurranse. Men i si politisk-økonomiske førestellingsverd gjer liberalismen seg immun overfor ein meir komplisert røyndom. Individa er her heilt utan personlege, sosiale eller politisk betinga eigenskapar, men berre aktørar som skaper tilbod og etterspørsel, agentar for kjøpe- og tilbodskraft i marknaden.

Dette er sjølvsagt ein rein abstraksjon, for i det verkelege livet og i dei *verkelege* marknaden er alt dette mykje meir komplisert og rikare på eigenskapar. For det første er marknaden *i seg sjølv* eit system av sosiale relasjonar og eigedomsforhold. Eigedomsforholda er på si side grunnlagt i ulike former for politiske og institusjonelle maktforhold. Og dei levande menneska som beveger seg i desse relasjonane, ber dessutan med seg kjensler, tradisjonar, førestellingar og tankegods frå ein eksistensiell heilskap av levd fortid og prosjektert framtid, av aktuelle og potensielle sosiale motsetningar, konflikhtar mellom interesser, kollektive og individuelle, i det private som i det offentlege livet. Våre begrep om kva økonomiske, politiske eller juridiske rettar vi har, får derfor sine konkrete meiningar ut frå ein heilskap som ikkje berre består av abstrakte marknadsrelasjonar eller slik dei er definerte gjennom lovgivinga og dei juridiske praksisane. Slik og med menneskerettane.

Åtferd er like mykje meiningsberande som ord, noko som er ein føresetnad for at handlingar i det heile kan legitimerast. Begrepet om menneskerettar får derfor ikkje si meining berre gjennom dei erklæringane som formulerer dei, men òg ved den åtferda som retorikken om menneskerettar er eit moment ved. Når så denne retorikken ikkje lenger berre er eit spørsmål om språkbruk, men òg om dei institusjonane og media som produserer og formidlar denne, blir meininga med menneskerettane, slik dei til dømes er definerte filosofisk eller gjennom FN-vedtak, overdøyd av all larmen frå praksisen dei er integrerte i.

Den ideologiske larmen i samfunnet er ein viktig del av det den italienske marxisten Antonio Gramsci i si tid kalla kampen om hegemoni. Dei etiske og politiske begrepa får si fungerande og gjeldande mening gjennom deira oppgåver i den pågåande kampen om å definere innhaldet i menneskerettane. Og denne kampen går føre seg ikkje minst gjennom dei globale, profittmaksimerande media. Vi har sett at i den store sanninga sin time, det vil seie når krigen bryt ut, opptrer desse media som ei ny våpengrein. Aller minst då er det mulig å forstå kva menneskerettar betyr, utan å skjønne den oppgåvesammenheng dei opptrer i. Å avdekke samanhengane utafor språket som gir språket mening, blir derfor ei politisk oppgåve, for desse samanhengane har noko med makt å gjere. Vi kan slå fast at den overordna grunngevinga for NATO sin bombeaksjon i samband med det president Clinton kalla «Kosovo-tingen», ligg i det høg moralske kravet om omstilling frå forsvar av territorium til forsvar av verdjar. Og verdjar (bortsett frå grunnrenta) er som kjent ikkje forankra i noko territorium, men er universelle.

Vi har sett at det herredømmet som handhevar denne universaliteten, ikkje alltid treng vere statisk lokalisert på bakken. Det utfaldar seg gjennom økonomiske institusjonar, kredittforhold, kapitalrørsler utan politisk innblanding (unntatt slike som forsvarar eller fremmer marknaden), og gjennom terroristisk bombing utan ein avgrensa militær rasjonalitet (men med dei frie massemedia sin mellomkomst), eller berre med trugsmål om slik bombing (helst utan egne bakkestyrkar), ein overveldande ny militærstrategi etter prinsippet om «hit-and-run», som Zygmunt Bauman er inne på, for ikkje å bli involvert for mykje på staden etter at krigen er over.²² Herredømmet kan om nødvendig ta form av ein valdeleg demonstrasjon av makta for makta sin eigen skuld, kort sagt Albright-doktrinen. Særleg i det siste tilfellet er formidlinga og tolkinga gjennom dei frie, uansvarlege massemedia viktig for den globale effekten.

Makta er *a priori* alltid god – sett frå ståstaden til makthavaren. Vesten sitt forsvar av universelle verdjar mot resten er derfor ikkje bunde av Folkeretten si avgrensing av statane sin rett til å gå til forsvar av eige territorium mot åtak. Folkeretten sin logikk er defensiv, territorialt trongsynt, nesten nasjonalistisk. Dei universelle verdiane derimot har ein offensiv, misjonær, ja, universell logikk, som peikar *out of area*, som krev nye, grensesprengande våpenteknologiar, nye strategiske doktrinar og nye filosofar.

På dette reint logiske grunnlaget er det derfor ikkje tvil om at NATO sin nye strategi nok er meir i samsvar med den nye universalismen enn tradisjonell forsvarspolitik innfor Folkeretten og FN-systemet sin noko trongare horisont. Krosstoga (crusades) si tid er ikkje forbi. Vegen frå retorikk om menneskerettar til herretenking er ikkje lang under den flytande (post-)moderniteten. Det er i dag rett og slett ikkje lenger mulig for Vesten å føre krig utan å grunngi dette med å fremme universelle menneskerettar. Meir enn nokon gong er det nødvendig med intellektuelle som – i kraft av å vere spesialistar på universelle

forhold – kan forsvare slike krigar i samsvar med menneskerettane. For kvar nye krig, må desse rettane bli sette på begrep på nytt, tilpassa dei nye forholda.

I slike samanhengar ser særleg liberale og sosialdemokratiske intellektuelle viktige, sidan desse vanlegvis har større truverde overfor ein vaklande opinion enn dei meir autoritære kollegaene ute på høgrefløya. Det er Jürgen Habermas, Per Edgar Kokkvold og Nils-Fredrik Nielsen med fleire sin store time.

Nytale i 1984 versus 2003

Kombinasjonen av krigshandlingar og menneskerettar konstituerer all offisiell tale om humanitære aksjonar, menneskerettar osb. som *nytale* i George Orwell si tyding av ordet i romanen *1984*. Oppgåva til nytalen er ikkje å gi orda ny meining, men å bryte ned den meininga dei har hatt, øydelegge orda og slik innføre ei *gløymse i sjøve språket*. Menneskerettar og humanitet har då mist all si kritiske kraft og verkar dermed avvæpnande på ein kritikk av den herskande verdsordninga. Di viktigare blir andre måtar å forstå desse rettane på.

Det er likevel ein viktig skilnad mellom nytalen i *1984* og tida etter at Fellesfienden var forsvunnen. I romanfiksjonen er nytalen sett i system gjennom ein medviten, kalkulerande, semantisk plan for heile samfunnet, planspråket. Den verkelege nytalen, særleg etter 1989, er derimot *spontan*, eit språkleg naturprodukt, vakse organisk ut av kombinasjonen av språk, massemedia og maktbruk for den rådande orden, og av språket sitt samanfall med det kulturelle hovmodet på dette maktgrunnlaget. Røynda overgår diktekunsten.

Menneskerettane hos den for si tid revolusjonære John Locke, eller i Den amerikanske revolusjonen si sjølvstendeerklæring, i Den russiske revolusjonen eller hos grupper som i dag kjempar mot dei overmaktene som hindrar realiseringa av dei, var/er revolusjonære fordi dei er (var) nødvendige begrep og førestellingar i kampen mot makter som er (var) sterkare enn dei sjølve og som utbytter eller undertrykker dei. Det er ikkje tilfeldig at ein organisasjon som *Amnesty International*, som held fast ved eit begrep om politiske menneskerettar i samsvar med dei FN-resolusjonane som *definerer* dei i språket innafør etterkrigshorisonten i 1946, kjem i opposisjon med dei rådande stormaktskrefter, sigerherrane frå Den andre verdskrigen, som *praktiserer* dei globalt og gir dei meining i *røynda* i horisonten av nye krigar.

Menneskerettar har berre meining som grenseoverskridande, revolusjonære begrep. Men når den herskande makta erobrar menneskerettane, skjer det motsette. Makta erobrar meininga med dei i same slengen, ikkje primært gjennom nye definisjonar eller nye filosofiar, men i kraft av sjølve *brukarforholdet* innafør politikken sine rammes. Brukarforholdet er altså eit maktforhold, eit produksjonsforhold for språkleg meining, som sprengjer alle uttalte definisjonar i språket. Filosofane kan berre sanksjonere denne meininga ved å raffinere den. Nye maktforhold, eller oppfrisking av dei etablerte, opnar

alltid eit felt for nye åndelege oppgåver, nye konjunkturar og karrierar med sine triumferande konjunkturintellektuelle.

Makt og realisering av rettar

Menneskerettane kan berre få si frigjerande meining gjennom kampen for å realisere dei, altså gjennom handling. Realisering betyr her å omsette dei i sosiale, politiske og rettslege praksisar som gir dei meining ut over definisjonane i språket. Problemet er at dette òg føreset handheving av makt, men då i samsvar med eit system av rettsprosedyrar som enten alt er etablerte eller som blir etablerte gjennom sjølv prosessen. Den lange, kronglete kompromissvegen gjennom Folkeretten, der styrkeforhold mellom statane innbyrdes og mellom dei ulike interessene innover i dei einskilde statane heile tida endrar seg, gjer det vanskeleg å realisere sjølv dei enklaste menneskerettar, ikkje minst retten til å leve i fred, eller dei sosiale, materielle rettane som grip inn i fordelinga av verdiane som blir skapte. Folkeretten avgrensar seg til det politiske nivået mellom statar, utan å gå inn på dei sosiale eller økonomiske forholda, og set kampen for menneskerettane på ei tålmodsprøve. Kor mykje enklare ville det ikkje vere å få menneskerettane innført i eitt slag gjennom *humanitære intervensjonar* – vel og merke utan fare for eige liv og helse, ved hjelp av Den sterke staten og intelligente bomber frå stor høgde?

Nettopp fordi menneskerettane i den offisielle retorikken ikkje blir grunn- gitte ut frå historiske, avgrensa forhold, men blir presenterte som tidlause, heva over alle klasseinteresser, blir praktiseringa av dei «universell», like gyldig over alt, utan omsyn til dei ulike historiske og sosiale situasjonane dei blir gjort gjeldande for. Dei blir vilkårlege. Ei slik handheving av den universelle retten kan då berre skje ved å bruke det einaste språket alle er nøyde til å forstå, enten dei vil eller ikkje: Den *overlegne* makta sitt språk. Men maktbruk utan maktbalanse er usivilisert, valdeleg fordi han får falde seg så *fritt* ut. Det skaper alltid vilkårlege rettstilstandar. Dermed står vi innafor fascismen si horisont. Kosovo-krigen illustrerer poenget:

Skilnaden mellom den etniske reinskinga i regi av Milosevic under Kosovo-krigen (800.000 flyktningar) og den i regi av UCK i Kosovo etter at krigen slutta i juni 1999 (vel 200.000), er at den første var ein del av krigen sin bestialske logikk i ein situasjon som varte i 79 dagar dels ute av militær kontroll, medan den siste skjedde under dei nye maktforholda med «fred», basert i eit nytt, langvarig, kontrollert herredømme som ingen i dag ser slutten på.²³ Mykje tyder på at den siste reinsinga blir permanent. Den har då heller ikkje vekt til live dei same moralsk høgverdige kjenslene med tilhøyrande krav om humanitær aksjon eller intervensjon som den første og blir følgeleg ikkje omtala offisielt som etnisk reinsing eller gjort til gjenstand for rettsfølgjing. (Berre *dei andre* driv slik reinsing.) Viss vi i tillegg reknar med dei serbiske flyktningane frå andre

stader, kjem vi opp i mot ca. 500.000 permanente flyktingar i Serbia etter juni 1999.²⁴

Kva gjorde NATO-landa med den humanitære katastrofen i Serbia i juni 1999? Etter bombekrigen vedtok dei å gjennomføre økonomisk krigføring mot det landet som skulle huse desse permanente flyktingane! Det òg ein humanitær aksjon, får vi tru. For ikkje å snakke om etterbombinga av sivile mål i ei veke etter at Milosovic sine styrkar hadde kapitulert og var i ferd med å dra seg attende. Berre Pentagon veit kva som kunne vere det militære føremålet med denne bombinga *post festum*.

Med andre ord: Når supermaktsalliansen praktiserer dei universelle menneskerettane, ender det opp i ein kynisk opportuniste. NATO/USA si favorisering av den tvilsame, mafiose UCK/KLA-geriljaen i 1999 på kostnad av den moderate og nokon lunde demokratiske albanske motstandsørsla under Ibrahim Rugova var eit anna tragisk utslag av denne universalismen som avslører seg som reinspikka relativisme. Så seint som hausten 1998 var UCK/KLA offisielt enno definert som «terroristar» av USA og Storbritannia, mellom anna på bakgrunn av ei rekke åtak på serbiske sivile i Kosovo for å destabilisere situasjonen og slik provosere fram ein intervensjon frå USA/NATO. Men rett før denne intervensjonen var eit faktum, fekk terroristane status som «fridomskjemparar» og plass ved forhandlingsbordet i Rambouillet i februar 1999. USA hadde då for lengst forhandla ferdig avtalen med det internasjonale entreprenørfirmaet Brown & Root Services om å bygge Bondsteel-basen i Kosovo. Medan forhandlingane med entreprenøren gjekk føre seg, var det enno nokre månader att før Kosovo vart frigjord av NATO. Det er dette som kallast *entreprenørskap*.

Då krigen var vunnen i juni og UCK/KLA heldt fram med sin versjon av etnisk reinsing, vart dei på ny degraderte til «terroristar», samstundes som bygging av Camp Bondsteel kunne starte i samsvar med den forhandla kontrakten. Terroristar er dei visstnok framleis utan at USA/NATO ser ut til å gjere for mykje med det, etter som Camp Bondsteel no er ein veletablert realitet med 7000 US-troppar på eit stort jordbruksområde med 300 bygningar, 25 km med vegar, 84 km med kablar som kan rullast saman, 11 vaktårn, 24 sports-hallar, bibliotek, det best utstyrte sjukehuset i heile Europa, osv. osv., der dei produserer nok elektrisitet til ein by på 25.000 menneske, vaskar 1200 sekkar med skite tøy kvar dag og serverar 18.000 måltid dagleg. I tillegg har basen 5000 lokale kosovarar på lønningslistene, mellom desse truleg ein del «terroristar», for mellom \$1 og \$3 i timen og ytterlegare 15.000 (endå fleire «terroristar») som dei kan tilkalle ved behov. Camp Bondsteel er slik den største arbeidsgjevaren i Kosovo. I tillegg har amerikanarane tatt beslag i 320 km med vegar og 72 bruer i området kring basen for militær bruk.²⁵ «De er enten med oss, eller med terroristane», sa den amerikanske presidenten etter 11/9.

Berre ei supermakt kan vere både med og mot terroristar samstundes. Di viktigare er det då å ha intellektuelle og media som til ei kvar tid lærer oss å leve

med denne motseiinga i forsoning med den reelt eksisterande kapitalismen under leiging av Det kvite hus. Det er det godes problem.

(Januar 2003)

NOTER

- 1) I desember 2001 var det offisielle talet på drepne i Twin Towers 11. september 2900, omlag halvparten av dei første offisielle anslaga, og vesentleg mindre enn dei som er drepne av US og allierte i Afghanistan 2001/2002. Dei offisielle tala på drepne 11. september i Chile er vel 3000. I tillegg kjem eit stort tall sakna, som ein enno ikkje kjenner lagnaden til. Berre på Santiago Stadion vart det dei første dagane etter 11. september samla 11 000 fiendar av det nye regimet. Lagnaden til mange av desse er enno ikkje oppklart.
- 2) Opphavet til denne formuleringa er statssekretær Marianne Haaland Matlaray i Bondeviks første regjering då denne søkte etter alle (u-)mulige argument for å støtte krigen mot Jugoslavia. Avhandlinga hennar *Verdidiplomati – kilde til makt? En strategisk analyse av norsk utenrikspolitikk*. (Makt- og demokratiutredningen, rapport nr 46, august 2002) er eit studium i statsvitenskapleg apologi av Det moralske Norge. Den høgtidelege referansen til *verdiar* har sin eigen utilsikta ironi. Ingen kan nekte for at ikkje også nazistane kjempa for verdiar – nemleg rasemessig overlegenheit – rein metafysikk! Det forhold at desse verdiane er høgst ulike, hindrar dei likevel ikkje i å stå innanfor ein sams horisont av politisk metafysikk der det utkjempast kampar mellom gode og vonde krefter og eigenskapar. Eit av dei mest groteske døma på verdi-legitimering av bombinga vart ført fram av leiaren for Stortinget sin forsvarskomite, sosialdemokraten Marit Nybakk, som såg på bombinga som ein lekk i frigjeringa av Afghanistan sine kvinner (hausten 2002). Då er ein kynisk, realpolitisk horisont i røynda langt meir humanistisk ettersom den ikkje er riven med av kjensler, men er styrt av ei (meir eller mindre klasse-)medviten orientering mot interesser, som langt i frå er metafysiske, men svært så empiriske.
- 3) Michel Wines sin leiarartikkel i *New York Times*, sundagsbilaget 20. juni, få dagar etter at krigen i Jugoslavia 1999 var slutt.
- 4) USA fekk sjølvsgatt mandat frå FN til å forsvare seg mot denne forma for megaterror, men ikkje mandat til å krenke andre statar sin suverenitet over sine område, aller minst rett til etter-bombing av Afghanistan til og med mot den nye regjeringa, som USA hadde vore med på å få i stand, sin uttrykte vilje.
- 5) Som moderne nettverk hadde (har?) al-Qaida base i mange land, særleg i USA. I Wall Street – nokre steinkast frå Twin Towers – la Osama bin Laden grunnlaget for ein stor del av den formuen, som kan ha finansiert åtaka 11. september. Den tidlegare presidenten i USA, George Bush snr. er framleis – etter 11. september – betalt rådgivar for bin Laden-familien gjennom Carlyle Group, og har møtt denne familien to gonger, i følgje *Wall Street Journal of Judicial watch*, www.azlan.net/jud-watch.htm.
- 6) *Frankfurter Rundschau* 17.10.2001: «Wir verteidigen unsere Art zu leben, und das ist unser gutes Recht». Sitert etter Joachim Hirsch: «Globalisierung und Terror», *PROKLA* 125, 2001.
- 7) Den sovjetiske suksessen i dei første åra av kappløpet mot verdsrommet bygde på ein raketeknologi som var utvikla av Tyskland alt under verdskrigen. Det sovjetiske bæreraketane var i prinsippet ei samankopling av fleire V2-raketar i

ein «klase». Den amerikanske raketeknologien utvikla seg derimot etter nye prinsipp for rakettmotorar som gjorde dei både mykje kraftigare og sikrare. Alt 7-8 år etter varselskotet med Sputnik, var USA gått definitivt forbi det sovjetiske nivået på området. Det er i ettertid vanskeleg å forstå korleis ein i USA – med den beste etterrettingsvesenet i verda – for alvor kunne tru at Sovjetunionen med sitt økonomisk-teknologiske utgangspunkt etter verdskrigen kunne bli eit reelt trugsmål i konkurransen om teknologi, utvikling av produktivkrefter og materiell levemåte.

- 8) A.L. Friedberg: *In the shadow of the garrison state: America's anti-statism and its Cold War grand strategy*. Princeton 2000. S. Melman: *The permanent war economy: American capitalism in decline*. New York 1985. Begger referansane etter Lars Mjøset og Stephen van Holde «Killing for the State, Dying for the Nation. An introductory essay on the life cycle of conscription into Europe's armed forces», i Vol. 20 of *Comparative Social Research*, Amsterdam/London/-New York 2002.
- 9) Dei nyss opna arkiva i Washington frå president Richard Nixon sin siste periode, viser at presidenten sjølv ville bruke atomvåpen over Vietnam kring 1973, mellom anna av frykt for ikkje å bli attvald som president som ansvarleg for ein krig han enno ikkje hadde vunne. Takka vere ein av dei største machiavelliske praktikanane i internasjonal politikk etter 1945, dåverande utanriksminister Henry Kissinger, vart Nixon hindra i dette forsettet. I følgje det aktuelle lydbandet kommenterer Kissinger nøkternt Nixon sitt forslag med at «det ville vere for mykje».
- 10) Terroren i den franske revolusjonen sprang ut av den *utøvande* makta sitt reelle overtak. Det ligg så og seie i saka sin natur at terroren tilhøyrer den *utøvande* makta, som òg kan ta den dømmande og lovgivande makta i bruk for sine føremål, ved t.d. å skifte ut dommarar, eller, om nødvendig med press, bruke eit fleirtal i ei lovgivande forsamling til å endre lovene etter dei interesser som den utøvande makta primært representerer, eller, som i den russiske revolusjonen, «i kampens hete» rive til seg lovgivande (= dekretgivande) makt i same slengen.
- 11) Sjå John Pilger *The New Rulers of the World*, Verso, London/New York 2002, s.53 ff.
- 12) Sitert etter Pilger *ibid.*, s. 61. Uttalen er i seg sjølv ei av dei klaraste fascistoide utsegnene frå 1990-åra.
- 13) Omsett til norsk i *Bergens Tidende* som dobbeltkronikk 12 og 13. mai 1999. Essayet ber undertittelen «En krig på grensen mellom rett og moral». I dette essayet hevdar Habermas at det finst ein global rett som står over det rettsnivået som FN opererte på 1998/99, og som grunngir USA/NATO sin rett til intervensjon. Særleg i Tyskland kom mange intellektuelle med eit forsvar for USA/NATO. I det norske filosofiske miljøet var forholda i hovudsak motsett, også mellom filosofar som står Habermas nær, mellom desse kanskje særleg Gunnar Skirbekk.
- 14) www.fco.gov.uk.
- 15) Sjå t.d. Lars Fredrik Svendsen: *Det ondes problem*, Oslo 2001. Boka kom ut ei veke før 11. september. Det nye opplaget etter 11/9, inneheld eit etterord som legg denne datoen pent på plass i den filosofiske drøftinga om forholdet mellom godt og vondt.
- 16) Begrepet «førebyggande krig» (*pre-emptive war*) var offisiell språkbruk i Washington i krigsførebuingane mot Irak i 2002, spesielt sikta mot førebygging

av åtak med masseøyleggingssvåpen frå Irak *mot USA* (!), nemnt i George W. Bush sin tale 07.10.2002. (NRK dagsnytt 08.10.2002).

- 17) Dette formularet er brukt av Gore Vidal som tittel på essayet *Evig krig for evig fred*, Kagge forlag, Oslo 2002. Vidal har på si side lånt dette som sitat frå den amerikanske historikaren Charles A. Beard.
- 18) For Kokkvold sjå *Dagsavisen* særleg 30.09.2001: («Terror er terror er terror» som legg ned «forbod» mot å «forstå» terroren); 21.10.: («USA taper propagandakrigen»); 18.11.: («De som bommet»). Nils-Fr.Nielsen i *Aftenposten* den 23.12.2001: «Hva er galt med de intellektuelle?»
- 19) Referansane i dette avsnittet for opplysingane om forholda i Afghanistan har eg henta frå Noam Chomsky sin artikkel *The War in Afghanistan*, publisert i *Znet* 30.12.2001 over <http://www.zmag.org/lakdawalalec.html>.
- 20) Tahmeena Faryal, talsperson for den leidande organisasjonen for menneskerettar i Afghanistan, RAWA, i eit intervju i *Z magazine* januar 2002, sitert etter Chomsky i fotnote ovanfor.
- 21) Peter Handke, ein av dei få forfattarane i det tyskspråklege området som kritiserte NATO og vågde å vise ei viss forståing for serberane sin situasjon, fekk verkeleg smake hetsen.
- 22) *Flytende modernitet*, Vidarforlaget AS, Oslo 2001, sjå særleg essayet *Communitas – Fellesskap*.
- 23) FNs høgkommisær for flyktningar rapporterte alt i juni 1999 om 164 000 serbiske flyktningar frå Kosovo. Etter dette er talet auka til 240 000 – omfattar også romani-folket og ein mindre kontingent jødar. Sjå m.a. *Human Rights Watch*, august 1989, volume 11, no 10.

Uheldigvis vart den humanitære aksjonen mot Jugoslavia ei sterkt medverkande årsak til at den etniske reinsinga fekk slikt stort omfang. Ein OSSE-rapport frå desember 1999 peikar på denne samanhengen. FN-rapportar om undersøkingane av massegravene viser at alle som til no er funne, skriv seg frå tida etter at bombinga byrja. Sommaren 2000 kom Den internasjonale krigsdomstolen for det tidlegare Jugoslavia, fram til det endelege talet på lik funne i massegravene i Kosovo: 2 788. Dette talet inkluderar også nokre serbarar, roma og soldatar i tillegg til sivile kosovo-albanarar, som det store fleirtal. (Vi ser då bort frå problemet med å skilje geriljasoldatar i UCK frå verkelege sivile.) Det er sjølvsagt 2 788 for mange, men likevel ikkje folkemord, slik omkvedet var i dei frie media då bombinga var i gang i april 1999. Seinare har det vore stille om realitetane som skulle rettferdiggjere bombinga som førte til at mange av desse 2 788 vart drepane og lagt i massegraver.
- 24) Sjå www.hrw.org/reports/1999/Croatia
- 25) www.realitymacedonia.org.mk/web/news-page.asp?nid=183, sjå også min artikkel i dette heftet, *Mot ein ny fascisme?*, fotnote 27.